



Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 15/8405-23

### **Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017**

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjera slikt vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

1. Innspel frå opplæringskontor
2. Avgangselevar i grunnskulen våren 2016
3. Utlyst tilbod og inntekne elevar pr. skule skuleåret 2015-2016
4. Søkjavar utan læreplass pr. 25.08.14

### **SAKSFRAMSTILLING**

#### **1. Bakgrunn for saka**

Opplæringstilbodet for 2016-2017 skal vedtakast i hovudutval for opplæring 24.11.2015.

I Opplæringslova §12-4 står:

*Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsettjinga av tilbod”.*

Fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval hadde møte med opplæringskontora i fylket 15. oktober. Tema var innspel til kapasiteten i vidaregående skule basert på tilgangen av læreplassar i dei ulike bransjane. Opplæringskontora vart inviterte til å kome med skriftelege innspel til neste års opplæringstilbod, desse er omtala i saka.

#### **2. Føresetnader**

Fylkestinget sitt vedtak om ein skulebruksplan, FT-sak 26/13 dannar grunnlag for strukturen på opplæringstilbodet. Tilboden som skal lysast ut må i størst mogeleg grad vere tilpassa venta søking til vg1 (tal avgangselevar frå grunnskulen), og vidareføring av tilbod på vg2 og vg3. Opplæringsretten er knytt til eitt av tre utdanningsprogram på vg1, eit vg2 som bygger på det aktuelle vg1 og vg3 som bygger på aktuelt vg2. Opplæringsretten er ikkje knytt til ein særskilt skule.

I HO- sak 21/15: «Budsjett 2016 og økonomiplan 2015-2019- sektorbudsjett for opplæring» la fylkesdirektøren til grunn slike føresetnader for skuleåret 2016-2017: netto reduksjon med 11 grupper som følgje av elevtalsnedgangen og vedtak om skulebruksplanen.

*Innspel frå opplæringskontora:*

#### **Opplæringskontoret for anlegg – og bergfagene**

Opplæringskontoret meiner det er rett dimensjonering av vg2 anleggsteknikk i fylket med to grupper i Førde og ei i Sogndal.

#### Opplæringskontoret for bygg- og anleggsteknikk

Opplæringskontoret meiner at Flora, Måloøy, Stryn og Sogndal vidaregåande skular bør ha uendra tilbod. Medan på Mo og Øyrane vidaregåande skule bør ein auke med ei gruppe vg1 bygg og anleggsteknikk.

#### Opplæringskontoret for offentleg sektor

Opplæringskontoret ber om at noverande dimensjonering av vg2 helsearbeidarfaget, vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget med tilhøyrande vg1 blir vidareført utan endringar.

#### Opplæringskontoret for prosess og mekaniske fag

Opplæringskontoret ber om at det blir oppretta:

- vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule
- vg2 kjemiprosess ved Flora vidaregåande skule, ei gruppe

Vg 2 industriteknologi og industriell møbelproduksjon bør vere som i dag.

Vg 2 maritim produksjonsteknikk bør tilpassast talet læreplasser.

For vg 2 brønnteknikk finst det ingen godkjente lærebedrifter i Sogn og Fjordane i dag. Det er ingen tilgjengelige læreplassar i faget i Sogn og Fjordane og det er mange som står utan lærepass også i andre fylke. Opplæringskontoret meiner det ikkje er behov for dette tilbodet sett ut i frå industrien her i fylket sine behov.

Opplæringskontoret stiller spørsmål ved YSK, er det rett å tilby YSK når det ser ut til å medføre at «ordinær» lærling ikkje får fullføre si opplæring i bedrift?

#### Bilbransjens opplæringskontor AS

Opplæringskontoret ber om at Stryn vidaregåande skule får på plass vg1 teknikk og industriell produksjon i frå hausten 2016. Kontoret meiner at noverande dimensjonering av vg2 køyretøy og vg2 bilskade og lakk og er rett dimensjonert i forhold til tal læreplassar.

#### Opplæringskontoret for elektrofag

Opplæringskontoret ber om at dagens dimensjonering blir uendra.

#### Opplæringskontoret for hotell- og matfag

I kontoret sine fag, kokk, institusjonskokk, servitør, resepsjon og matfag er det stor mangel på lærlingar. Berre innanfor kokkefaget kunne kontoret teke 10 lærlingar til i år.

Kontoret ber om at det blir auka opp att til to grupper på Mo og Øyrane vidaregåande skule.

#### Opplæringskontoret for transport og logistikk

Opplæringskontoret ber om at tilbodet blir oppretthalde slik som i dag. I tillegg er det svært viktig at det kjem vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule. Transportfaget rekrutterer nesten ikkje frå service og samferdsle. Opplæringskontoret meiner dette er hovudgrunnen til at det er lite elevar til vg2 transport og logistikk ved Stryn vidaregåande skule.

#### Sogn opplæringskontoret

Opplæringskontoret ber om at dagens dimensjonering i Sogn blir uendra. Kontoret åtvarar òg mot å auke opp fleire grupper i vg2 kjemi og prosess.

### **3. Erfaringar frå arbeidet med formidlinga av lærlingar i 2015**

25. august stod det att 91 søkerar med ungdomsrett utan lærepass, dette er ein nedgang frå året før på 55. Dei nærmaste vekene etter dette fekk mange av søkerane eit tilbod, men i ein del bransjar har det vore vanskeleg å få lærepass til alle.

Nytt i år er at alle søkerarar utan lærepass ved skulestart vart kalla inn til informasjonsmøte på avgjevarskulen. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten. Dei vidaregåande skulane har gjennom m.a. dette fått ein sterkare rolle i formidlingsarbeidet i år.

I år, som tidlegare år, er tilgangen på lærepassar i industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal sokjarar. Nytt i år er at det særleg i elektrofaga, brønnteknikk, matros og motormannfaga står fleire utan lærepass.

Lærepassøkjarar med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dersom dei ikkje får tilbod om lærepass i bedrift har dei rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjere seg nytte av tilboda som vert sette i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i år oppretta vg3-tilbod i bilmekanikar,- industrimekanikar- og elektrikarfaga. I matrosfaget har vi kjøpt plass på skuleskipet Christian Radich, tre takka ja til dette. I brønnteknikk har vi saman med Hordaland fylkeskommune, opplæringskontoret *live2earn* i Hordaland og bransjen fått laga til eit tilbod til dei elevane som 1. oktober stod utan tilbod frå fylkeskommunen. Ein elev takka ja til dette. I faga barne- og ungdomsarbeid, helsearbeidar og salsfaget har vi gitt tilbod om vg3 i skule i andre fylke. Ingen av våre ungdommar har valt å takke ja til dette. Det vil og blir starta opp vg3-tilbod i helsearbeidarfaget for vaksne her i fylket.

Erfaringa til fylkesdirektøren er at kompetansen etter eit vg3-tilbod i skule ikkje er attraktiv. I tillegg er det mange som ikkje fullfører opplæringa.

#### **4. Fylkesdirektøren sine vurderingar**

Fylkesdirektøren oppsummerer innspela frå arbeids- og næringslivet med at det i mange av bransjene er rimeleg samsvar mellom kapasiteten i skule og tilgangen på lærepassar. Det har ikkje kome mange uttalar om behov for justeringar. Dei endringane som blir føreslått må vurderast opp mot erfaringane frå formidlinga av sokjarar til opplæring i bedrift. Samstundes vil reduksjonen i talet grupper i saka om opplærerstilbodet gjere det ekstra krevjande å gjere store endringar i tilboden.

Fylkesdirektøren legg saka fram for fagopplæringsnemnda utan tilråding.